



## Personvernerklæring

Denne erklæringa forklarar korleis personvernet vert ivareteke av Tokke kommune i samband med innsamling av personopplysningar. Ved bruk av våre elektroniske løysingar, ynsker vi at du skal føle deg trygg på at gjeldande lover og regler vert følgt. Sikker handsaming av data vil til ein kvar tid dokumenterast etter gjeldande reglar.

### Lov om behandling av personvern

Personvernerklæringa følgjer artikkane i EUs forordning for personvern (GDPR), med tilhøyrande veiledning frå Datatilsynet.

### Formålet med handsaming av personopplysningar

Opplysningar du fyller inn vert overført elektronisk til Tokke kommune. Opplysningane gjer kommunen i stand til å utføre sakshandsaming av din førespurnad.

Tokke kommune ynskjer så langt som råd å gje innbyggerane eit digitalt svar på førespurnadane som vert sendt inn. Det krev at vi må vera sikre på at mottakar er rett person. Du blir derfor bedt om å fyller inn fødselsnummer i enkelte skjema. Alle personopplysningar vil bli handsama fortruleg og vil utelukkande bli brukt til sakshandsaming av saka innsendinga gjeld. Fødselsnummer vil aldri bli vist på offentleg tilgjengelege dokument.

### Personopplysningar

Dersom du føler at ditt personvern er sikra ved denne erklæringa, samtykkjer du til lagring av innsamla data om deg. Samtykket vert gjeve som godkjenning av våre retningslinjer for personvernet og som samtykke for måten opplysningane vert handsama på.

### Lagring av opplysningar

Opplysningane du har tasta inn vil ikkje vera tilgjengelige for mottakar, Tokke kommune, før du bestemmer deg for å sende inn søknaden. Når du har valt innsending, har du samtidig samtykka i at Tokke kommune kan ta imot og lagre desse opplysningane.

### Sikker dataoverføring

Alle personopplysningar som vert overført mellom din datamaskin og vår server foregår via sikker datakommunikasjon. Løysningen tilsvarar tryggleiken som er brukt i nettbankane.

### Retten til innsyn og retten til sletting av personopplysningar

Du kan når som helst be om å sjå opplysningane du har sendt inn. Dersom du finn at opplysningane er unøyaktige eller ufullstendige, kan du be om å få opplysningane sletta.



## Manglande samtykke

Dersom du ikkje samtykker i at personvernet er godt nok ivareteke, vil du ikkje kunne nytte elektronisk skjermdialog. Du må då ta kontakt med kommunen, jf. informasjon under.

## Aldersgrense

Du bekreftar at du er over 18 år.

## Førespurnad

Tokke kommune har etablert Personvernombod som du kan kontakte hvis du har spørsmål om kommunens handsaming av personopplysningar. Personvernombodet skal arbeide for at personvernet vert ivareteke på ein god måte, både for tilsette og innbyggjarar.

Personvernet kan kontaktast på e-post [olav.bjorn.bakken@tokke.kommune.no](mailto:olav.bjorn.bakken@tokke.kommune.no) eller via telefon 35 07 52 19.

Brev kan sendast til:  
Personvernombodet  
Olav Bjørn Bakken  
Tokke kommune  
Storvegen 60  
3880 Dalen

Spørsmål i høve personvernerklæringa kan også rettast til sentralbordet Tokke kommune 35 07 52 00, eller e-post: [postmottak@tokke.kommune.no](mailto:postmottak@tokke.kommune.no)